



TEIGEN BYGG & TRELAST AS

Opsangervegen 18

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Kjelstrup	452 10 707	2020/77-10		06.11.2020

## Vedtak om forureining i sjø - 81/78 - Rosendal

### Kva saka gjeld

Vi viser til brev av 6. januar der de på vegne av eigar av gnr/bnr 81/78 meldte inn til Miljøretta helsevern om mogleg forureining i sjø utanfor eignedomen. Den moglege forureininga vart omtala som såpeskum saman med olje eller anna væske. Bilete og kart var lagt ved brevet. Det vart og vist til eit oransje røyr mellom gnr/bnr 81/3 og 81/7 som mogleg kjelde til forureining.

Den 23. april vart det sendt fleire bilete frå dykk som viser skum i vatnet, og 8. mai eit bilete med skum og ein tynn film i vatnet.

Kommunen sendte ut eit brev i saka 29. juni, de svara på dette 2. juli med informasjon om kven som eig røyret. Vidare sendte de bilete 8. juli.

### Undersøkingar

Kommunen sendte ut brev 28. april til eigarane av gnr/bnr 81/3 og 81/7 som det oransje røyret kom ut mellom i stranda, der vi ville ha tilbakemelding på kva utsleppsløysing eignedomane har og kva eigedom røyret er knytt til. Det er ikkje komen skriftleg tilbakemelding frå eigarane på dette brevet, men begge eignedomane har per telefon meldt tilbake at røyret ikkje høyrer til deira eigedomar.

Representantar frå kommunen var på synfaring i stranda på eigedom 81/3 og 81/7 den 10. juni for å undersøkje om det var noko funn. Vêrforholda var gode med lite vind og sjø. Det var observert noko skum i fjæresteinane, mindre mengde enn det som viser på innsendte bilete. Ingen unormal lukt eller farge oppdaga. Det oransje røyret var lokalisert visuelt til å liggje under vassoverflata, utan å fastsetje lengde og djupne på røyret. Det vart tatt vassprøve på staden. Analyse av vassprøven gir gode resultat målt etter norm for friluftsbad, dvs. at tal Termostabile Koliforme Bakteriar og Fekale Streptokokkar er godt under grensa for «god» kvalitet. Analyse ligg ved.

Kommunen snakka med eigar av røyret på telefon i oktober. Eigar opplyste om bruken av røyret og historikk. Eigar har ikkje fått klage frå eigarar av eigeidom der røyret kjem ut i sjø, om at dei har opplevd forureining frå røyret.

### **Konklusjon**

Undersøkingar på plassen og analyse av vatten viser ikkje teikn til forureining. Mogleg forklaring på skum som eigar av gnr/bnr 81/78 har sendt inn bilete av kan vere algar, skjelsand, eller andre organiske komponent. Tynn oljefilm kan og forklarast med oppstart av båtar i nærleiken.

Kommunen har vurdert klagen i forhold til det her kan vere forsøpling og brot på forureiningslova § 28, som gjeld forbod mot forsøpling. I vår vurdering om det her er brot på forbodet har vi lagt vekt på undersøkingar gjort av kommunen med synfaring, prøvetaking og kontakt med eigar av røyret. Vi har ikkje gjort funn som tilseier brot på forbodet i forureiningslova § 28, og difor finn vi heller ikkje grunnlag for å gi pålegg om opprydding.

Miljøretta helsevern vil gjennomføre tilsyn med private avløpsanlegg i heile kommunen. Tilsynet vil bli gjennomført generelt for alle anlegg. Bli det under tilsynet avdekka at heile eller deler av anlegget ikkje tilfredsstillir krav etter regelverket, vil det kunne bli aktuelt med pålegg om retting. Tidspunkt for gjennomføring av tilsyn er ikkje sett.

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi til reglane i forvaltningslova samt eventuelt bestemmelsar i særlov om klage.

Klagefristen er 3 veker frå du har motteke dette vedtaket.

Med helsing

Hilde Kjelstrup  
*Juridisk rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*